

27. Innspel alternativsvurdering; alternativ 4 for skule og 2 for barnehage

Organisering: Alternativ 4 for skule og alternativ 2 for barnehage

Oppvekstsenter på Ropeidhalvøyna og Erfjord i form av nye bygg

Vinjar blir eit oppvekstsenter administrativt

Sand barnehage blir eitt bygg gjennom påbygg av Joagarden

Framleis drift av barnehage på Jelsa

Norconsult føreslår å legga ned både skulen på Nesflaten og skuledelen på Jelsa, der ein ser føre seg å senda elevane til høvesvis Vinjar og Ropeidhalvøyna

Barnehagedrift på Nesflaten er foreslått som familiebarnehage

Namn på grendeutval: Øvre Suldal grenadutval

Fordeler:

Me kan ikkje sjå nokon fordeler med å leggja ned skulen på Nesflaten og gjera barnehagen om til familiebarnehage.

Ulemper skule:

-Store avstandar og lang reiseveg frå utkantane i Øvre Suldal

- usikker veg på grunn av ras og stenging - betydeleg velferdstap for den enkelte elev og bygda

Ulempe barnehage

- Å endra frå ordinær barnehagedrift til familiebarnehage vil bety redusert kvalitet.

<p>-</p>	<p>. Me må styra utviklinga i tråd med kommuneplanen.</p> <p>I følgje gjeldande Kommuneplan (2022-2034) skal me</p> <p>s. 16 i Samfunnsdelen:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Arbeida for attraktive, inkluderande og levande grender • Leggja til rette for auka busetjing i alle grender <p>s. 22 i Samfunnsdelen:</p> <p>Suldal kommune skal vera ein nyskapande arbeidsgjevar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Aktivt sokja og ta i bruk nye arbeidsmåtar, ny teknologi og digitalisering • Vera opne og nysgjerrige i møte med endring • Tenkja nytt i utveksling og tileigning av kunnskap • Utvikla nettverk og samarbeid over kommunegrensene <p>Utbyggingsplanar</p> <p>Med tanke på den planlagde kraftutbygginga og ønskje frå fleire unge som ønskjer å busetja seg i Øvre Suldal vil det vera lite strategisk å leggja ned skulen.</p> <p>Så langt har ikkje Norconsult undersøkt kor mange unge i Øvre Suldal som i åra framover</p>
	ynskjer å etablera seg for vaksenlivet i Øvre Suldal.

REFERAT FRÅ MØTE I ØVRE SULDAL GRENDEUTVAL

Dato: 07.04.2025	Møtetid: 20:00 – 21:00	Stad: Øvre Suldal Samfunnshus
Møteleiar: Tor Inge Havrevoll	Referent: Eirik Moe	

Til stades: Tor Inge Havrevoll Mark Laurenson Eirik Moe Kristine Bøe Berge	Forfall: Ingeborg Kårstad	
--	------------------------------	--

Sak 06 / 25 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 07 /25 Godkjenning av protokoll frå møtet 26.02.2025

Vedtak: Protokoll vart godkjent.

Sak 08 /25 Gamle saker

Tor Inge stiller spørsmål til kommunen om den tilbakemeldinga kommunen gav om beredskapsplan for Øvre Suldal. Dei svara ikkje noko om varsling av dei som bur innanfor områder som til dømes blir stengde når Vegvesenet av hensyn til sikkerheit for brøytemannskapar besluttar å stoppe brøyting og stengje vegen. Kvifor vert ikkje dei aktuelle husstandane varsla med SMS?

Tor Inge følger óg opp med eit spørsmål til kommenen vedrøranda saka om korrigering av skilting til offentlig toalett. Sumarsesongen står for døra og dette bør løysast snarast mogleg.

Sak 09/ 25 Barnehage / skulebruksplan.

Rett før grendeutvalgsmøte var Grenadeutvalet arrangør for eit folkemøte (kl 18:00) som kommunen ba oss arrangere. Omlag 30 møtte. Svein Carlos Gjil og Tore Bastlien Dahl frå kommunen orienterte og innleia til ein seksjon med medverknad. Det var óg høve til spørsmål og fleire spurde om til dømes undersøkingar som kommunen har rigga, truleg i samarbeid med Norconsult, kor svaralternativa og moglegheit for andre alternative svar og kommentarar ikkje blei vurderte som gode nok. Til dømes var det i undersøkingar ikkje mogleg å gjere tydelig kva ein meinte om forhold spesifikt i barnehagen på Nesflaten. *Grendautvalet støttar innspela frå innbyggjarane på Nesflaten og ber kommunen om å møta innbyggjarane på ein betre måte.* Grenadeutvalet konstaterar at fokuset i arbeidet med barnehage og skulebruksplan er mindre på "mjuke" aspekter og meir på "harde" aspekter. Grenadeutvalet drøfta andre tilnærmingar til feltet og vedtok å sende eit innspel til kommunen om dette. Øvre Suldal Grendautvalg ber Suldal Kommune søkja samarbeid med fagmiljø for å utvikla ein bærekraftig måte å drifta skular i grendene. Ein fullstendig versjon av innspelet er lagt ved.

Sak 10 / 25 Oppslagstavle ved butikken

Grendeutvalet vedtok at det skal kjøpast inn ei ny oppslagstavle slik at ein kan skilje mellom informasjon som skal henge der permanent, for lokale verksemder, og informasjon for arrangement og anna som berre skal henge ei kort tid. Tor Inge avtalar praktiske aspekter med Teknisk Drift i kommunen.

Sak 11/25 Ymse

Til neste møte skal ein ha klar ein plan for Vår-dugnad i bed ved kaien og anna.

Sak 09/ 25 Barnehage / skulebruksplan

Innspel frå Øvre Suldal grenadautval:

Øvre Suldal grenadautval ber Suldal kommune søkja samarbeid med fagmiljø for å utvikla ein berekraftig måte å drifta skular på i glandene.

Me konstaterer at i arbeidet med ny skulebruksplan er tekniske aspekt, bygningskrav, og økonomiske sider vekta noko meir enn mjukare aspekt. Dette er til dømes aspekt som verdien av tilhørsle i sitt heimemiljø, tryggleik i forhold til farlege skulevegar, tryggleik og modning i forhold til å kjenna og bli kjend i bygda si. Lang reiseveg trøyttar i mange tilfelle borna og tek eit betydeleg tal timar av barndommen deira. Dette er timar som kunne vore nytta til leik og involvering i aktivitetar i heimemiljø, på garden og i bygda.

I ei tid med auka fokus på totalberedskap og matsikkerheit blir det mellom anna peika på verdien av å tryggja grunnlaget for familiebruket som eit grunnleggjande element for sikring av landet si evne til robust og langsiktig matforsyning. Spørsmålet er då om me, i dette perspektivet, gjer klokt i å leggja til rette for å bussa borna vekk frå heimemiljøet og bygda si, så snart det er mogleg. Må verkeleg Suldal kommune fylgja denne "straumen" som me kan sjå har utarma til dømes den svenske landsbygda? Vil me la det same skje i landet vårt?

Innhald og praksis omkring dagens skule har blitt forma og utvikla i tider med vekst i barnetal og generell optimisme i samfunnet. Når samfunnet nå må omstilla seg, så er skule-riggen blitt så rigid, og storleik er vekta så høgt at alt for mange småskular vil tapa og bli borte.

Dette gjeld både i Noreg og i mange andre europeiske land. Det er mange som meiner at me bør behalda dei små skulane. Men trenden er sentralisering. Det er forskning som viser at små skular gjev gode resultat, men dette blir i mindre grad kommunisert.

Slik me ser det, kan Suldal velja mellom å følgja straumen, der det nå er slik at i Noreg vert ein liten skule lagd ned kvar veke, eller me kan velja å gå motstraums ved å styrkja den skulestrukturen me har, gjera grändene og lokalsamfunna robuste og framtidsretta.

Korleis kan me gjera dette? Suldal kan starta på ein veg mot eit prosjekt, saman med relevante fag- eller forskningsinstitusjonar, for å finna nye løysingar.

Me har vore i kontakt med fleire universitet. Fleire peikar på Nord universitetet og avdelinga på Nesna som det leiande forskningsmiljøet på dette feltet i Noreg nå. Prosjektet deira heiter "**Forskning i rurale utdanningslandskap (FRU)**".

<https://www.nord.no/forskning/forskning-ved-fakultetene/forsking-ved-flu/faggruppe-pedagogikk-og-spesialpedagogikk/forskning-i-rurale-utdanningslandskap>

Om prosjektet skriv dei dette:

"Forskningsgruppen har et tydelig perspektiv på det særegne ved rurale utdanningslandskap. Det rurale knyttes til geografi, og ikke nødvendigvis til skolens/barnehagens/oppvekstsenteres størrelse.

FRU tilhører faggruppen Pedagogikk, men er en tverrfaglig forskningsgruppe.

Forskningsgruppen ser skolens/barnehagens rolle i lokalsamfunnet som viktig der skolen/barnehagen kan bli forstått som en sentral bidragsyter til stedsutvikling og opplevelsen av stedets attraktivitet. Dette må også sees ut ifra barnas/elevs ståsted. Forskningsgruppen ser også på alternative undervisningsformer inkludert bruk av digitale verktøy for å styrke skoler i rurale områder, som for eksempel små og fådelte skoler. Det særegne ved rurale utdanningslandskap er også interessant med tanke på utvikling av profesjonsrollen, lederrollen og forutsetningene for internt og eksternt samarbeid."

Folk i Nesna-miljøet viser òg til "Glesbygdsskolenätverket" i Sverige. 10 % av skulane i Sveriges har færre enn 49 elevar (470 skular). 55 skular har fire eller færre lærarar. Dette nettverket har erfaringar, referansar og forskningsprosjekt som viser vegar fram mot meir robuste skulestrukturar i grisgrendte strøk. Me har vore i kontakt med Gerd Pettersson på Umeå universitet, som leier Glesbygdsskolenätverket" i Sverige.

Ho seier mellom anna dette om forskningsprosjektet deira: *"Projektets innehåll är baserat på uttryckta behov från glesbygdsskolor. Den samverkande praktiknära forskningen tar avstamp i skolaktörernas utvecklingsbehov t. ex. nätverk, didaktiska undervisningsfrågor, specialpedagogiska insatser, likvärdighet och fjärrundervisning."*

Det skal vera mogleg å henta inn erfaringar, kompetanse og rådgjeving frå både Nesna og Sverige og frå andre institusjonar. Distriktsenteret (uavhengig fagleg forvaltingsorgan under Kommunal- og distriktsdepartementet) har ein del. Det har òg Landslaget for nærmiljøskolen. Men vurderinga er at Nesna og Glesbygdsskolenätverket er lengst framme når det gjeld forskning og moglege prosjekt.

<https://distriktsenteret.no>

<https://www.lufs.no/index.php?artID=839&navB=1>

<https://www.umu.se/forskning/projekt/glesbygdsskolepedagogik/>

Truleg vil dette vera aktuelle element i ein meir robust strategi for bevaring av nærskular:

- Meir medverknad frå lokalmiljø
- Endring av rektors oppgåver og felles rektor for fleire små skular
- Smartare bruk av digitale hjelpemiddel
- Støtta opp under ei endring i lærarutdanninga slik at den vert retta inn på kompetanse til å undervisa 1-10 (Dette startar nå opp på Nord Universitet, Nesna, og fleire vil truleg fylgja på.)

Konklusjon:

Øvre Suldal grenaudval ber Suldal kommune søkja samarbeid med fagmiljø for å utvikla ein bærekraftig måte å drifta skular på i glandene.

Nord Universitet (Nesna) og Glesbygdsskolenätverket i Sverige har forskning på dette som kan vera relevant for Suldal. Suldal kan i samarbeid med for eksempel Landslaget for nærmiljøskolen og Distriktscenteret søkja om å få drifta småkulane i Suldal (Nesflaten, Jelsa og Marvik) som eit forskningsprosjekt.

Øvre Suldal grenaudval trur òg at når me finn ein veg i denne retninga vil det vera godt for rekruttering, tilflytting, trivsel og bulyst i glandene. Me må styra utviklinga i tråd med kommuneplanen.

I følgje gjeldande Kommuneplan (2022-2034) skal me s.

16 i Samfunnsdelen:

- Arbeida for attraktive, inkluderande og levande grender •

Leggja til rette for auka busetjing i alle grender

s. 22 i Samfunnsdelen:

Suldal kommune skal vera ein nyskapande arbeidsgjever

- Aktivt søkja og ta i bruk nye arbeidsmåtar, ny teknologi og digitalisering
- Vera opne og nysgjerrige i møte med endring
- Tenkja nytt i utveksling og tileigning av kunnskap
- Utvikla nettverk og samarbeid over kommunegrensene

Svar vedrørende alternativ 4 for skule og alternativ 2 for barnehage

Namn på grendeutval:
Ropeidhalvøya Grendeutval

Fordeler:

- Større miljø, lettare overgang barnehage-skule
- Kortare skuleveg for mange elevar
- Nytt bygg (både skule og barnehage er gamalt)
- Samplassering med idrettsanlegg
- Butikken i nabologat (praktisk for foreldre)
- Oppvekstsenter er enklare for fam. som har barn i både barnehage og skule
- Enklare løysing for SFO
- Satsing for bygda

Ulemper:

- Elevtalet / miljøet kan bli for lite, men barnetalet er i vekst nå.

Andre moment:

- Positive barnetal på Ropeidhalvøya
- Må uansett bygge ny barnehage
- Kan bli aktuelt for elevar frå Tysseland
- Ikkje rasutsette vegar
- Tomta er nesten klar, krev lite føre-arbeid
- Har høg pedagogisk dekning ved skulen nå

Oppsummert :

Organisering: Alternativ 4 for skule og alternativ 2 for barnehage

Oppvekstsenter på Ropeidhalvøyna og Erfjord i form av nye bygg

Vinjar blir eit oppvekstsenter administrativt

Sand barnehage blir eitt bygg gjennom påbygg av Joagarden

Framleis drift av barnehage på Jelsa

Norconsult føreslår å legga ned både skulen på Nesflaten og skuledelen på Jelsa, der ein ser føre seg å sende elevane til høvesvis Vinjar og Ropeidhalvøyna

Barnehagedrift på Nesflaten er foreslått som familiebarnehage

Namn på grendeutval:**Erfjord Grendeutval**

Me uttaler oss om fordeler og ulemper knyttet til forslaget om Oppvekstsenter på Stølane i Erfjord.

Andre moment:**Oppsummert :**

Me er positive til at det er tatt tak i bygningsmassen som er i pr i dag. Og at det er ønske om nybygg tilpassa dagens aktivitetsnivå.

Reisevegen til skulen er det veldig viktig å ta hensyn til i denne prosessen.

Med bakgrunn i dette er me positive til nybygg av et oppvekstsenter på Stølane i Erfjord som vil være i gå- / sykkel avstand for fleire.

Referat frå møte i Sand Grendeutval

Dato: Måndag. 4. juni 2025	Møtetid: Kl. 18.00- 19.30	Stad: Kommunehuset
Møteleiar: Hege Hotvedt	Referent: Inger Johanne Vasshus	
Møtte: Kristian Smaamo Hege Sømme Hotvedt Dagfinn Eide Helland Harald Bjarne Hellesen Inger Johanne Vasshus	Forfall: Ingen	

Sak 9/25 Framtidas oppvekst - innspel

Norconsult presenterte 22. mai barnehage- og skulebruksplan. Administrasjonen ber om innspel frå grendeutvalet:

Sand grendeutval ønskjer ein skulestruktur som har tilfredsstillande kvalitet og resultat. Eit godt skolemiljø, fagleg, fysisk og sosialt, gir best mogleg grunnlag til god læring. Når elevane møtest på ungdomsskulen skal dei ha mest mogleg lik bakgrunn sett ut frå kvalitet og kunnskap. Gode skolemiljø fremmar god læring.

Trygg skuleveg er viktig, og må bygge på gode risikoanalysar.

Barns beste må stå i fokus og me ønskjer ein kommune som føl nasjonale lovverk og rammer, td. mtp krav til kompetansebehov. Me tilrår at vedtaket om 60% pedagog-dekning blir omgjort i samsvar med nasjonale reglar.

Framtida er utforsigbar mtp antal elevar og behov. Td fritt skuleval og om det blir eit større industriprosjekt i eit område av Suldal, vil dette kunne påverke elevtala / barnehage- og skulestrukturen. Dette bør ein vurdere under alternativ 4.

Me støttar rapporten si tilråding om å behalde Sand som ein komplett skule for 1. til 10. klassingar. Sand skule opplevast, slik den er nå, som for liten. Dette gjeld både klasserom, grupperom og tilrettelagde rom for elevar med særskilde behov. Dette erfarer me blir trekt fram som ei utfordring frå både tilsette og frå foreldregruppa/FaU. Sand Barnehage, som nå er delt på to bygg, blir i rapporten føreslått samanslått til ein større barnehage samla i Joagarden. Ein større barnehage vil ha eit større fagleg miljø og bidra til større fleksibilitet. Å slå saman dei to barnehagane vil også hjelpe i overgangen frå barnehage til skule, då både barn og foreldregruppe blir tidlegare kjent.

Påbygg og ombygging må tilfredsstilla nasjonale krav og retningslinjer.

Grendeutvalet støttar oss til forslaget.

Sak 10/25 Ymse - Meieritomta

Når meieribygget blir rive i sommar, skal der etablerast ein stad for møteplassar med mellom anna benker. Grendeutvalet ønskjer at sitjegrupper og det som skal utplasserast er klart straks etter rivinga, slik at det ikkje blir ein lengre periode staden blir ståande berre som ein open plass. Vegetasjon, blomar og prydplanter, på ein slik plass vil vera fint.

Til medlemmer i Jelsa Grendeutval: Siv Hodne, Laila Øxtra, Torstein Tveiterå, Berit, Fyljesvoll Haugsland, Jakob Lund, Simen Bie Malde

Kopi til grendeutval Suldal Kommune, Tore Bastlien Da

Innspel til barnehage- og skulebruksplan frå Jelsa grendeutval

Tysdag 27. Mai arrangerte Jelsa grendeutval eit ope møte for grenda der tema var det pågåande arbeidet med barnehage- og skulebruksplan i Suldal kommune. På dette tidspunktet var tilrådingane til Norconsult for framtidig barnehage- og skulestruktur kjent, og grendeutvalet ønska å høre kva Jelsabuen hadde av tankar og innspel til dette. Føremålet var å få diskutert dette store temaet i lag, og at grendeutvalet skulle få eit best mogleg grunnlag til å skrive eit felles innspel frå grenda til kommunen i ein tidleg fase. Det var eit godt møte med godt oppmøte, om lag 30 personar deltok, med saklege, gode innspel. Dette dokumentet er ein oppsummering av det som vart sagt, og er Jelsa grendeutval sitt innspel til arbeidet administrasjonen nå skal i gang med etter at rapporten frå Norconsult er levert.

Konsulentane i Norconsult har gjort ein grundig jobb og samla inn mykje tal og fakta, og kommunen er presentert med fleire alternativ for den framtidige organiseringa. Slik grendeutvalet forstår det er tilrådinga frå konsulentene at barnehagen på Nesflaten blir lagt ned, og at ein skal etablere ny barnehage i Kjølvik, og Stølane barnehage blir flytta i lag med Erfjord skule i eit nytt bygg. Dei andre barnehagane består/blir oppgraderte. Når det gjeld skule er tilrådinga å legge ned skulen på Nesflaten og på Jelsa, og som tidlegare nemnt flytte Stølane barnehage til eit nytt bygg i lag med Erfjord skule. Elevane som i dag går på Jelsa skule skal då sendast med båt til eit nytt bygg i Kjølvik, som skal samle Marvik skule, Jelsa skule og Kjølvikstølen barnehage. I dette dokumentet fokuserer me på det som gjeld vår grend, men me har også tankar om den større strukturen og arbeidet generelt.

Referat frå diskusjonen i det opne møtet

Svært mange av dei frammøtte var overraska over tilrådinga om å flytte skuledelen på Jelsa oppvekstsenter til Kjølvik (alternativ 4). Dette er jamnt over noko som ingen såg som eit alternativ som ville bli føreslått, men fleire forventa at det ville komme forslag til kutt og endringar i strukturen. Det vart stilt spørsmål til kvifor ein har landa på dette alternativet, er det det at kommunen har bestilt utgreiing av ny skule i Kjølvik som er årsaka til dette, kontra t.d. å samle skulene i Erfjord? Er det den bygningsmessige tilstanden på Kjølvik som gjer at dette presser seg fram som alternativ, meir enn andre omsyn?

Det vart i informasjonsmøtet 22. april framheva fleire gonger at det er viktig å tenke nytt. Fleire kommenterte at det i fjar var Marvik skule som var truga av nedleggingsspøkelset. Er nytenkinga å flytta nedlegginga til Jelsa?

Mange Jelsabuer og dei som sokner til Jelsa stiller store spørsmål til det med SFO, henting og levering til Kjølvik når mange arbeider på Sand. Med reisetider og fulle

arbeidsdagar vil dette kunne bli ein stor utfordring, då Kjølvik er ein stor avstikkar mellom Jelsa og Sand.

Fleire ga uttrykk for at dei heller hadde forventa forslag om samanslåing som også inkluderte Erfjord. Mange undrer seg over om det faktisk vil løyse utfordringane med små einingar på lengre sikt å ha to oppvekstsentre i den sørlege delen av kommunen. Fleire tok til orde for ein burde sjå på det å etablere ein større skule for heile sør-Suldal. **Det er verd å merke seg at mange i salen var opne for samanslåing, og at mange Jelsabuer har forståing for at ein må ta grep særleg i skulestrukturen.** Det overordna inntrykket var at ein ønsker seg gode løysingar, og at sjølv om alle helst ønsker seg at skulen og barnehagen blir verande på Jelsa, så er det viktigste at me får gode einingar. Samtidig var det fleire stemmer som ønska å halde på skulestrukturen slik den er, og framheva kvalitetane ved mindre einingar nær grendene.

Eit vesentleg poeng som fleire tok opp var dette med reisetida til Kjølvik kontra t.d. Erfjord. Det er i dag om lag 11 barn frå grendene langs Økstrafjorden som i dag høyrer til Jelsa oppvekstsenter, som totalt har om lag 30 barn. Desse vil få vesentleg lengre reiseveg om ein skulle sende barna til Kjølvik. Fleire av dei frammette sa at ein då vil velje Erfjord, som er nærmare geografisk. Dette var ein gjengangar, som fleire tok opp, også enkelte som ikkje er frå Økstrafjorden. Erfjord blir oppfatta som meir sentralt og nærmare for mange enn Kjølvik. Det vart også poentert at om ein har venner eller slektingar som går på naboskulen vil ein sende sine eigne barn dit også. **Eit sentralt spørsmål her er kva dette vil ha å seie for elevgrunnlaget på Kjølvik om ein mister mange av barna til Erfjord? Vil eininga i Kjølvik då bli stor nok?**

Fleire i salen poengterte at Jelsa oppvekstsenter kan vera eit betre alternativ enn Kjølvikstolen viss fleire barn vil falle frå når Økstrafjorden og eventuelle andre vil sine barn til Erfjord i staden for til Kjølvik. **Om ein ønsker seg større einingar meiner mange at det vil vera betre å også inkludere Erfjord i ein samanslåing, og at dette vil føre til eit meir framtidssettet alternativ.** Fleire stilte spørsmål ved om kor varig løysing Kjølvik-alternativet faktisk vil bli, særleg om Erfjord ikkje er inkludert. Vil ein då på nytt stå i same situasjon om nokre år? **Om Erfjord, Jelsa og Kjølvik blir slått saman vil Jelsa vera ein naturleg plassering og eit knutepunkt.** Det vart poengert at Jelsa er ulik mange av dei andre grendene i Suldal: Det er gangavstand til det meste, det er mange naturlege attraksjoner i grenda som kyrkja, Junkervarden, skolemuseet, i tillegg til nærliken til kaien. Vidare er det etablert eit heilt nytt byggefelt på Jelsa som vil kunne gi tilflytting og fleire barn. Det vart stilt spørsmål til om slikt finst på Ropeidhalvøya.

Mange i salen er klar over utfordringane kommunen har med mangel på pedagogar, men **fleire stiller spørsmål ved kor mange pedagogar det faktisk vil frigjera ved å legge ned skulen på Jelsa.** Framover må ein også ha på plass større ressursar (PPT og slikt), og ein undrer seg over kva ein oppnår ved å legge ned einingane som i dag ikkje har slikt tilbod? Igjen vil ein ikkje frigjera slikt personale ved slike grep. Det vart også stilt spørsmål om ein har gløymd korleis ein kan bruke pedagogane, og kva ein

nedlegging vil ha å seie for fritidstilbodet i grendene. **Det er også eit ønske om å sjå meir på det å flytte rundt på lærarane enn barna.** Dette er noko fleire såg føre seg at skulle bli arbeida meir med i planen, men som så langt har resultert i lite konkret. T.d. har ein gode erfaringar med at kulturskulen kjem til Jelsa.

Det vart også tatt opp at det er planar om stor utbygging ved Berakvam på anlegget til Mibau Stema, og at dette vil føre med seg fleire arbeidsplassar, og forhåpentleg fleire tilflyttarar. Kor lurt er det då å gå for å legge ned skulen på Jelsa?

Fleire etterlyste betre vurderingar av reiseavstand og reisemåte. Det er ein vesentleg ting å sjå på transport, dette manglar! Ein tidlegare som har hatt 45 min reiseveg både til barnehage og skule tok opp dette, og ga klar beskjed om at dette ikkje er noko ein vil tilrå. Mykje tid blir tatt vekk ifrå ein med dette. Om ein må basere fritida på mykje køyring vil dette også ete av tida ein har - t.d. Mindre tid til fritidsaktivitetar, sovn eller samvær med familien. Ein må heller ikkje gløyme at det bur folk på Foldøy som skal inkluderast i framtidig skulestruktur, korleis blir reisevegen og reisetida for dei? Samtidig vart det sagt at nokon kjem til å ende opp med lengre reiseveg uansett kva me landar på så lenge det er tale om samlokalisering/reduksjon av einingar. Korleis skal ein møte dette, som vil føre til meir sittestilling? Er det mogleg å stille krav om at ein skal ha gym kvar dag for å vege opp noko mot dette? Andre tiltak?

Eit anna punkt som vart tatt opp var om kommunen vil sjå på det å behalde oppvekstsenteret på Jelsa med barnehage og 1. - 4. Trinn, men flytte ut trinna over. Kan dette vera eit alternativ, for å skåne dei minste barna frå lengre reiseveg? Samtidig var nokre uroa over at dette vil føre til at ein kan miste det pedagogiske personalet viss eininga blir for liten.

Det vart poengtert at Jelsa er ein god skule med god kompetanse og som er jamleg halde ved like. For barna som skal vakse opp på Jelsa, korleis blir det då med fritidstilbodet?

I Suldal har me eit politisk vedtak som seier at ein ikkje skal legge ned skular som har 15 barn eller fleire. Fleire meiner at dette må vera førande for strukturen framover, og då kan ikkje Jelsa oppvekstsenter bli lagt ned.

Mange i salen var uroa over kva signal det sender til dei som vurderer å flytte til eller tilbake til Jelsa når det er tale om å legge ned skulen. Kva konsekvens vil dette ha? **Svært mange er også negative til at dette temaet stadig blir tatt opp, og at ein så langt ikkje har klart å komme til ei avgjerd.** Det er slitsomt for grendene å leve i uvissa, mange ønsker å gjera seg ferdige med denne debatten nå for lang tid framover. Til nå har kvar grend kjempa for seg sjølv, mein fleire tek til orde for å tenke langsiktig og finne dei beste løysingane for kommunen i heilskap. Fleire ønsker å fokusere på framtida, ikkje på korleis det har vore eller korleis det er nå. Samtidig var det enkelte som ønska å halde organiseringa slik som den er, og vente og sjå på korleis utviklinga faktisk blir nå som det er reelle sjansar for auka tilflytting.

Eit anna spørsmål som vart tatt opp var at det er eit vedtak om at ein ikkje skal ha fådelte skular frå 2027, og ein lurer på kva vil dette vil bety for skulestrukturen framover.

Mange tok opp eit alternativ det tidlegare har vore tale om, nemleg å etablere ein ny, felles skule (og eventuelt barnehage) for Ropeidhalvøya, Jelsa og Erfjord ved Tysingvatnet. Fleire lurer på kvifor alternativ 5 som var å etablere ein felles skule for alle desse grendene vart tatt ut så tidleg. Mange i salen var positive til å sjå på etablering av skule ved t.d. Tysingvatnet. Plasseringa her vil vera praktisk då reisevegen blir relativt lik for dei fleste, og om ein etablerer skule her kan ein også vurdere etablering av ungdomsskule viss det blir stort nok elevgrunnlag, også mtp. at ungdomsskulen på Sand har sprengt kapasitet. Det vart poengert at ein slik plassering potensielt kan knytte saman grendene, heller enn å splitte. Mange meiner at kommunen må arbeide for dei gode løysingane som knytter saman grendene. Ein plassering ved Tysingvatnet vil kunne fungere godt også mtp. SFO og fritidsaktiviteter, i og med at ein då vil vera innan rekkevidde for alle. **Samtidig var det kritiske stemmer til etablering av skule ved Tysingvatnet**, der fleire meiner ein aldri vil kunne skape eit miljø då det ikkje er noko anna der.

Det vart også stilt spørsmål ved SFO-tilbodet og logistikken ved alternativa som er lagt fram. **Dersom ein skulle gå for å etablere ny skule på Kjølvik, vil det då vera mogleg å ha SFO ved barnehagen på Jelsa?** Det er ein reell utfordring med skyss av ungar til og fra Kjølvik for dei som i dag sokner til Jelsa, dette må løysast.

Det var også fleire meininger om fordeler og ulemper ved større og mindre einingar. Enkelte sakna at ein framheva fordelene med dei mindre einingane, og ønsker at ein heller framsnakker dei mindre stadene. Det er forska på dette med dei mindre skulane, som også har fordeler ein ikkje må gløyme. Og kva er ulempene med store skular? Samtidig var det fleire som sa at dei tidlegare hadde vore negative til å flytte ungdomsskulen til Sand, men som i dag har erfaring med at denne større eininga er god. Det å ha eit større nettverk på ein større ungdomsskule er noko fleire framhever. Det at det er ein felles ungdomsskule på Sand har vore med på å knytte saman grendene og har gjort at barna kjänner fleire på tvers av kommunen enn kva som tidlegare var tilfelle.

Det er fleire syn på dette med å legge ned dei mindre oppvekstsentrana. Fleire meiner ein startar i feil ende når ein startar med å seie at ein må legge ned einingar. Medan andre er klar på at me er for små på Jelsa, med døme på at me ikkje får til å skrape saman eit fotballag. Ein må ta innover seg at ein i dag har for små miljø. Men andre som har vakse opp på Jelsa meiner tvert imot at ein aldri har følt på at det har vore eit for lite miljø, før ein stadig vekk blir fortalt dette frå leiinga i kommunen.

Dette med kompetanse og kompetansekrav var noko fleire tok opp. Ein underer seg over om ein gjer noko feil når stadig fleire lærarar blir avskilta etter mange års erfaring berre fordi ein ikkje tilfredsstiller stadig skarpere kompetansekrav. Det vart påpeikt at ein truleg er nøydd for å senke krava til kompetanse framover, då ein kjem

til å mangle folk i fleire sektorer i framtida. Ein må enten senke krava eller jobbe med smartare løysingar og utnytting av ressursane. T.d. burde ein sjå på det å samle spesialundervising til lengre dagar der fleire klasser får undervising i same fag frå same lærar i løpet av ein skuledag.

Det blir elles stilt spørsmål ved om det faktisk er slik at ein nødvendigvis får fleire søkerar til stillingane om einingane er større. Ein bør også sjå på ordningar som nedskriving av studiegjeld, billege bustader, lokalt lønnstillegg og slikt som tiltak for å betre rekrutteringa.

Samtidig vart det også tatt opp at det ikkje nødvendigvis er folk ein treng, men kompetanseheving. Kan kommunen heller legge inn støtet her?

Eit anna tema fleire tok opp var at det vil vera veldig negativt for barnehagen på Jelsa om skulen forsvinn. **Jelsa har ein styrke i dag at barnehage og skule er i same bygg**, både elevane og personale bidreg til kvarandre. Vidare er det slik at når ein i dag skal starte på skulen er det ikkje skummelt - ein må berre gå ut i gangen og inn i eit anna rom. Det vil vera ein mykje større overgang om skulen blir flytta til ein annan plass enn barnehagen. Fleire stiller spørsmål ved korleis ein skal jobbe for tilvenning i overgangen mellom barnehage og skule viss ikkje desse er på same plass.

Enkelte tok også til orde for at eit alternativ kan vera å sende alle barna i sør-Suldal til å gå på skule på Sand. Korleis vil dette vera? Kan det vera eit meir langsiktig alternativ? Mtp. skyss vart det nemnt at me har ein hurtigbåt som passar godt til skuletida i dag, men at den går feil veg. Går dette an å endre for å tilpassa seg til eventuell skule på Sand? Nokre undra seg elles over at det i følgje konsulentanse skal vera 20% ledige arealar på Sand, då ein har inntrykk at det er breiddfullt i dag.

Når det gjeld bygningsmasse meiner fleire at det kan vera betre å bygge på Jelsa, til dømes i høgda, enn å bygge to nye oppvekstsentre. Her er skulen og barnehagen allereie samlokalisert og sentralt plassert i bygda, men også like ved turområde.

Eit av dei siste poengene fleire tok opp var at **ein hovudprioritet i arbeidet framover er at ein arbeider for eit likeverdig tilbod til barna i heile Suldal. Dette er noko Jelsabuen ønsker, det skal ikkje vera slik at nokre er heldige og uheldege**. Enkelte argumenterte mot dette og sa at det aldri vil kunne gå å ha fullt likeverdige tilbod då t.d. Suldal bad ligg på Sand, og er slik mykje enklare tilgjengeleg for barna der enn barna på t.d. Jelsa og Nesflaten.

Tilrådingar frå Jelsa grendeutval i det vidare arbeidet

- Barnehage på Jelsa må bestå. Me ønsker heilt klart å også halde på skulen vår av fleire årsaker, men me vil poengtere at det for barnehagen vil vera svært negativt om skulen forsvinn. Vidare har Jelsa klare fordelar som talar for ein større skule her.
- Grendeutvalet er svært negative til alternativ 4. Vårt inntrykk er at så og sei ingen ønsker å sende barna til Kjølvik. Me stiller spørsmål ved om dette er eit

framtidsretta alternativ. Ved ein slik plassering risikerer me å miste mange barn til Erfjord, og gevinsten blir truleg svært låg.

- Me ønsker at også Erfjord blir inkludert i framtidig omorganisering av skulestruktur i sør-Suldal. Ein må gjera nye vurderingar av plassering av skule med utgangspunkt i dette, også På Jelsa, ved Tysingvatnet og på Sand.
- Sjølv om dette er eit alvorleg tema meiner me det er viktig å komme til ein konklusjon i arbeidet framover. Ein må ikkje lande på mellombelse løysingar då det er stor slitasje for gredene å heile tida ha uvissa om barnehage- og skulestruktur over seg. Løysinga ein går for må vera framtidsretta med barnas beste som hovudfokus.
- Kommunen må greie ut reiseveg, herunder reisetid og reisemåte og risiko- og kostnadsvurdering av dette. Også mtp. Fritidstilbod, SFO og skyss.

Viser til rapport frå Norconsult i samband med den pågåande barnehage- og skolebruksplanen, samt mottatt skjema for å gi tilbakemelding på denne. Jelsa grendeutval arrangerte eit ope møte for Jelsabuen 27. mai der dette var tema. Det var eit godt møte med svært mange deltararar (kring 30), så mange synspunkt kom fram. Referat frå dette møtet, samt ein oppsummering er lagt ved her. Me ber kommunen lese heile referatet nøyne, særlig punkta i feit skrift og konklusjonen. I tillegg er det lagt ved skjema der me kort har oppsummert nokre av fordeler/ulemper m.m. som me er bedne om. Me har fokusert på det som gjeld vår grep. Det er berre å ta kontakt om de har spørsmål. Elles ønsker me å bli involvert i det vidare arbeidet.

Helsing Jelsa grendeutval v/skrivar Simen Bie Malde

Organisering: Alternativ 4 for skule og alternativ 2 for barnehage

Oppvekstsenter på Ropeidhalvøyna og Erfjord i form av nye bygg

Vinjar blir eit oppvekstsenter administrativt

Sand barnehage blir eitt bygg gjennom påbygg av Joagarden

Framleis drift av barnehage på Jelsa

Norconsult føreslår å legga ned både skulen på Nesflaten og skuledelen på Jelsa, der ein ser føre seg å sende elevane til høvesvis Vinjar og Ropeidhalvøyna

Barnehagedrift på Nesflaten er foreslått som familiebarnehage

Namn på grendeutval: Jelsa grendeutval

Fordeler:	Ulemper:
Ved nybygg på Ropeidhalvøya kan ein potensielt få til ein bygningsmessig betre standard enn kva ein har i dag på kva enkelt eining. Men dette vil ein også kunne løyse ved oppgradering eller nybygg andre stader.	Svært mange med skulebarn vil truleg søke seg til Erfjord då dette er nærmere for mange enn Kjølvik/Ropeidhalvøya. Ein risikerer å minste mange av barna på denne måten, gevinsten blir truleg minimal.
-	Kor langsiktig er denne løysinga? Kor lenge går det før ein på nytt står i same situasjon der ein må sentralisere/legge ned?
-	Problematisk med SFO og fritidstaktiviterer mtp. Reisemåte/reisetid og reiseveg. Det er ingen/svært få som i dag hører til Jelsa som reiser til Ropeidhalvøya for arbeid. Langt fleire reiser t.d. mot Sand. Vanskeleg å løyse dette i kvardagen når ein må reise på ein så lang avstikkar for å hente og levere.
-	Å miste skulen vil vera eit hardt slag for grenda og minske bulysten og attraktiviteten for tilflytting blir lågare. Det vil og vera svært negativt for barnehagen om skulen blir flytta ut. I dag har ein stor nytte av at dette er samlokalisert.
Andre moment:	
<ul style="list-style-type: none"> - Ein bør også inkluderer Erfjord i den framtidige organiseringa av skulestruktur i sør-Suldal. Ein må gjera nye vurderingar av plassering av skule med utgangspunkt i dette, også på Jelsa, ved Tysingvatnet og på Sand. - Ein må komme til ein konklusjon i arbeidet framover, ikkje lande på mellombelse løysingar. Løysinga ein går for må vera framtidsretta med barnas beste som hovudfokus. - Kommunen må greie ut reiseveg, herunder reisetid og reisemåte og risiko- og kostnadsvurdering av dette. Også mtp. Fritidstilbod, SFO og skyss. - Jelsa har klare fordelar som talar for å etablere ein større skule her: Sentral plassering, god plass, barnehagen er allereie samlokalisert med skulen, ein er nær uteområde og nær kaien (hurtigbåten). Jelsa er ein kompakt grens der ein kan nå det meste til fots, med eit variert tilbod. - Ein bør sjå på alternativ organisering og utnytting (flytting?) av pedagogisk personale, samt goder for å få fleire til å søke seg til Suldal. 	

Oppsummert :

Sjå punkter over samt i vedlegg.

Organisering: Alternativ 4 skule og alternativ 2 barnehage

Oppvekstsenter på Ropeidhalvøyna og Erfjord i form av nye bygg

Vinjar blir eit oppvekstsenter administrativt

Sand barnehage blir eitt bygg gjennom påbygg av Joagarden

Framleis drift av barnehage på Jelsa

Norconsult føreslår å legga ned både skulen på Nesflaten og skuledelen på Jelsa, der ein ser føre seg å sende elevane til høvesvis Vinjar og Ropeidhalvøyna

Barnehagedrift på Nesflaten er foreslått som familiebarnehage

Namn: Vinjar grendeutval

Fordeler:	Ulemper:
-	-

Andre moment:

- Kva er eigentleg grunnen for å laga eit oppvekstsenter på Vinjar? Skulen må ha ein rektor, bhg må ha ein styrar så kva er det å vinna på å leggja dei to einingane som eit oppvekstsenter?
- Trygg skuleveg for dei som ikkje har krav på skuleskyss til Vinjar skule

Oppsummert : Vinjar grendeutval menier det er vanskeleg å uttala seg om eit alternativ som ikkje er ei sak endå. Alternativ 4 kjem gjerne ikkje til å stå slik i endeleg sak, så kva er grunnen for at me skal meina nokon om det nå?